

Innkalling

Utval: Giske kontrollutval

Møtestad: Giske rådhus

Dato: 13.02.2024

Tidspunkt: Kl. 13:30

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@sksiks.no eller på telefon 90741399

Varamedlem møter etter nærare innkalling frå sekretariatet.

Sakliste

- PS 01/24 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 02/24 Rapport frå interimrevisjon 2023
- PS 03/24 Kontrollutvalet si påsjår-rolle
- PS 04/24 Rapport forvaltningsrevisjon 2023 - offentlege anskaffingar
- PS 05/24 Prosjektskisse for gjennomføring risiko- og vesentlegvurdering 2024
- PS 06/24 Årsmelding 2023
- PS 07/24 Møteplan 1. halvår og årshjul 2024

- PS 08/24 Meldingar
- MS 01/24 Forventningsavklaring kontrollutval, ordførar og kommunedirektør
- MS 02/24 Invitasjon om Forum for kontroll og tilsyn sin fagkonferanse 2024
- MS 03/24 Informasjon om generalforsamling i Attvin AS

Ålesund, 06.02.2024

Kåre Harald Sæter
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Seniorrådgivar SKS IKS

Saksframlegg

| | | |
|----------|---------------------|------------|
| Saksnr. | Utval | Møtedato |
| PS 01/24 | Giske kontrollutval | 13.02.2024 |

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Vedlegg

Møteprotokoll - Giske kontrollutval - 29.11.2023

Møteprotokoll

Utval: Giske kontrollutval
Møtestad: Giske rådhus, Kommunestyresalen
Dato: 29.11.2023
Tidspunkt: kl. 14:00 - 16:00

Følgjande medlemmer møtte

Anne Lise Roald
Gunnar Morsund
Kåre Harald Sæter
Lillian Skarmyr Olsen
Stig Gjethammer

Møtenotat

Frå Møre og Romsdal revisjon SA var oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor Kathrin Haram og forvaltningsrevisor Charlotte Blomvik tilstades.

Ordførar Kenneth Langvatn var tilstades på heile møtet og kommunedirektør Karl Andre Birkhol var innom i starten av møtet og helsa på utvalet.

Første varamedlem Otto Stornes var invitert til å delta på dette første utvalsmøtet, for å få godt kjennskap til kontrollutvalsarbeidet frå starten av.

Frå kontrollutvalsekretariatet deltok Solveig Kvamme.

Kåre Harald Sæter
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Seniorrådgivar SKS IKS

Sakliste

- PS 22/23 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 23/23 Arbeidet i kontrollutvalet
- PS 24/23 Orienteringar
- OS 03/23 Informasjon om revisjons- og kommunikasjonsplan 2023
- PS 25/23 Engasjementsbrev frå revisor 2023-2027
- PS 26/23 Bestilling av risiko- og vesentlegvurdering 2024
- PS 27/23 Møteplan 2024 - dato for første møtet
- PS 28/23 Meldingar
- MS 10/23 Opplæring og kurs for nye kontrollutval

PS 22/23 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Giske kontrollutval 29.11.2023

GKU 22/23 Vedtak:

Kontrollutvalget godkjenner innkalling, sakliste og protokoll fra forrige møte.

Behandling

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalget godkjenner innkalling, sakliste og protokoll fra forrige møte.

PS 23/23 Arbeidet i kontrollutvalet

Giske kontrollutval 29.11.2023

GKU 23/23 Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen om arbeidet i kontrollutvalet til vitande

Behandling

Kontrollutvalsekretæren gav ein presentasjon av dei viktigaste linjene i eit kontrollutval sitt arbeid gjennom året. Utvalet stilte spørsmål og samtalte om arbeidet i Giske kontrollutval.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek informasjonen om arbeidet i kontrollutvalet til vitande

PS 24/23 Orienteringar:

OS 03/23 Informasjon om revisjons- og kommunikasjonsplan 2023

Giske kontrollutval 29.11.2023

GKU 03/23 Vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Behandling

Oppdragsansvarleg revisor Kathrin Haram orienterte kontrollutvalet om kva plan som er lagt for revisjonsarbeidet av årsrekneskapen 2023.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

PS 25/23 Engasjementsbrev frå revisor 2023-2027

Giske kontrollutval 29.11.2023

GPU 25/23 Vedtak:

Giske kontrollutval har 19. oktober 2023 motteke engasjementsbrev frå Møre og Romsdal Revisjon SA.

Kontrollutvalet tek engasjementsbrevet til vitande og ber om at dei følgjande punkta vert tatt med vidare:

- at dokumentasjon på ekstern kvalitetskontroll av Møre og Romsdal Revisjon SA og rapportar frå desse kontrollane vert gjort kjent for kontrollutvalet.
- Dersom revisor gjev andre revisjonsbekreftingar på førespurnad frå kommunen, så vert kontrollutvalet informert om det.
- Kontrollutvalet ynskjer å vere kopimottakar på oppstartsbrev som vert sendt i samband med revisjonsoppdraga.

Kontrollutvalet ber sekretariatet følgje opp at framtidige engasjementsbrev vert oppdatert med desse punkta.

Behandling

Oppdragsansvarleg revisor Kathrin Haram gjekk kort gjennom engasjementsbrevet. Utvalet drøfta nokre tilleggspunkt knytt til påsjå-ansvaret som kontrollutvalet har. Utvalet ynskjer at rapporteringspunktene vert gjeldande frå no og lagt inn i framtidige engasjementsbrev.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si tilråding:

Giske kontrollutval har 19. oktober 2023 motteke engasjementsbrev frå Møre og Romsdal Revisjon SA.

Kontrollutvalet tek engasjementsbrevet til vitande og ber om at dei følgjande punkta vert tatt med vidare:

- at dokumentasjon på ekstern kvalitetskontroll av Møre og Romsdal Revisjon SA og rapportar frå desse kontrollane vert gjort kjent for kontrollutvalet.
- Dersom revisor gjev andre revisjonsbekreftingar på førespurnad frå kommunen, så vert kontrollutvalet informert om det.

- Kontrollutvalet ynskjer å vere kopimottakar på oppstartsbreva som vert sendt i samband med revisjonsoppdraga.

Kontrollutvalet ber sekretariatet følgje opp at framtidige engasjementsbrev vert oppdatert med desse punkta.

PS 26/23 Bestilling av risiko- og vesentlegvurdering 2024

Giske kontrollutval 29.11.2023

GPU 26/23 Vedtak:

Giske kontrollutval ber sekretariatet om å bestille ein prosjektplan for gjennomføring av risiko- og vesentlegvurdering frå Møre og Romsdal Revisjon SA. I bestillinga må dei synspunkt om prosess og involvering som kom fram i møtet, takast med.

I prosjektplanen skal det kome fram:

- korleis analyse- og planarbeidet er tenkt å gjennomførast.
- forventa ressursbruk samt tidsplan

Prosjektplanen vert å legge fram til godkjenning for kontrollutvalet på første møte i 2024.

Kontrollutvalet ber om at sekretariatet førebur ein prosess for eit dialogmøte med inviterte partar, og legg fram ein plan for dette til neste møte.

Kontrollutvalet ber om at prosessen vert lagt opp slik at forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll seinast kan leggest fram for kommunestyret i første møte andre halvår 2024.

Behandling

Tilleggs punkt, foreslått av Kåre Harald Sæter på vegne av utvalet:

Kontrollutvalet ber om at sekretariatet førebur ein prosess for eit dialogmøte med inviterte partar, og legg fram ein plan for dette til neste møte.

Ei risiko- og vesentleganalyse byggjer på fleire ulike informasjonskilder.

Utvalet drøfta kva prosess dei ynskte å nytte for å sjå til at det vert samla inn informasjon frå fleire ulike kilder, som grunnlag for å kunne gjennomføre ei risiko- og vesentleganalyse.

Sjølve risiko- og vesentleganalysa vert bestilt frå revisjonen, men sekretariatet vert beden om å fasilitere eit dialogmøte der utvalet inviterer inn personer som kan vere gode kilder til nyttig informasjon, i denne samanhengen.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si tilråding:

Giske kontrollutval ber sekretariatet om å bestille ein prosjektplan for gjennomføring av risiko- og vesentlegvurdering frå Møre og Romsdal Revisjon SA. I bestillinga må dei synspunkt om prosess og involvering som kom fram i møtet, takast med.

I prosjektplanen skal det kome fram:

- korleis analyse- og planarbeidet er tenkt å gjennomførast.
- forventa ressursbruk samt tidsplan

Prosjektplanen vert å legge fram til godkjenning for kontrollutvalet på første møte i 2024. Kontrollutvalet ber om at prosessen vert lagt opp slik at forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll seinast kan leggest fram for kommunestyret i første møte andre halvår 2024.

PS 27/23 Møteplan 2024 - dato for første møtet

Giske kontrollutval 29.11.2023

GPU 27/23 Vedtak:

Giske kontrollutval sitt første møte i 2024 vert tirsdag 13. februar.

Møtestad Giske rådhus
Møtestart vert sett til kl. 13.30.

Behandling

Utvalet tek utgangspunkt i å ha fem møter i løpet av året. Møta vert som hovudregel halden på Giske rådhus, men kan leggest andre stader om det er tenleg. Til dømes i samband med eit verksemdsbesøk.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si tilråding:

Giske kontrollutval sitt første møte i 2024 vert tirsdag 13. februar.

Møtestad
Møtestart vert sett til kl. ...

PS 28/23 Meldingar:

MS 10/23 Opplæring og kurs for nye kontrollutval

Giske kontrollutval 29.11.2023

GPU 10/23 Vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Behandling

Utvalet ynskjer å prioritere den lokale kontrollutvalssamlinga på Vestnes i januar.

Ut over dette kan utvalsmedlemmane velje å melde seg på ein av dei nasjonale kontrollutvalskonferansane på Gardermoen.

Leiar deltek på kontrollutvalsleiarskulen del 1 og 2 i regi av Forum for kontroll og tilsyn.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 02/24 Giske kontrollutval

Møtedato
13.02.2024

Rapport frå interimrevisjon 2023 Giske kommune

Sekretariatet si tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek revisor sin rapport etter interimrevisjon 2023, til vitande.

Bakgrunn:

Revisor har eit sjølvstendig og fagleg ansvar, for å revidere årsrekneskapen og årsmeldinga til kommunen, i samsvar med lover, føresegner og god kommunal revisjonsskikk. Rekneskapsrevisjon omfattar kommunen sin årsrekneskap og lånefond.

Årsrekneskapen skal reviderast før den vert lagt fram for handsaming i kommunestyret. I tillegg til revisjon av årsrekneskapen til kommunen, vil oppgåvene til revisor omfatte ei rekkje attestasjonar, som til dømes knytt til kompensasjon av meirverdiavgifta til kommunen.



Interimrevisjon er den revisjonen som blir gjennomført, for å kontrollere at dei interne kontrollane fungerer som føresett gjennom året.

I interimrevisjonen går revisor gjennom og testar rutinar, transaksjonar og rapportering innan utvalde område.

Revisor skal gjennom sine kontrollar gje ein tryggleik for at ein kan stole på informasjonen kommunen gjev om økonomien og bruken av midlane.

Vurdering:

I kontrollutvalet sitt møte kan oppdragsansvarleg revisor Kathrin Haram, gje kontrollutvalet ei oppsummering av gjennomført interimrevisjon 2023.

Revisor si oppsummering kan gje kontrollutvalet tryggleik for at revisjonen går etter planen, og sikre at kontrollutvalet vert informert om viktige forhold som vert avdekt.

Dersom der er avdekt manglar ved den økonomiske interimrevisjonen, så bør kontrollutvalet undersøke med revisor om desse funna er av ein slik grad, at dei fører til eventuelle endringar for revisjonsplanen av årsrekneskapen 2023.

Vedlegg

Rapport frå interimrevisjon 2023



RAPPORT ETTER INTERIM 2023

GISKE KOMMUNE

Interim 2023

JANUAR 2024

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Møre og Romsdal Revisjon SA er et samvirkeforetak eid av kommunene Aure, Averøy, Kristiansund, Rindal, Smøla, Surnadal, Tingvoll, Aukra, Hustadvika, Gjemnes, Molde, Rauma, Sunndal, Vestnes, Fjord, Giske, Sula, Stranda, Sykkylven, Haram og Ålesund samt Møre og Romsdal fylkeskommune. Selskapet utfører regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og andre revisjonstjenester for eierne. Hovedkontoret ligger i Kristiansund og det er avdelingskontorer i Ålesund, Molde og Surnadal.

Ytterligere informasjon kan hentes på vår hjemmeside:

www.mrrevisjon.no

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

INNHOOLD

| | |
|--|----|
| 1. INNLEDNING..... | 4 |
| 2. INTERIMSREVISJON | 4 |
| 2.1. RAPPORTENS INNHOOLD..... | 5 |
| 2.2. UTFØRT INTERIMSREVISJON | 5 |
| 2.3. IDENTIFISERTE RISIKOER OG FORBEDRINGSFORSLAG FRA 2022 REVISJONEN – GISKE KOMMUNE | 5 |
| 2.4. SKRIFTELIGE PÅPEKNINGER FRA REVISOR – KOML. §24-7 | 6 |
| 3. REVISJONSTILNÆRMING INTERIM | 7 |
| 3.1. REGNSKAPSRAPPORTERING | 7 |
| 3.2. SALG..... | 8 |
| 3.3. INNKJØP..... | 9 |
| 3.4. INVESTERINGER..... | 10 |
| 3.5. LØNN | 11 |
| 3.6. OVERFØRING | 12 |
| 3.7. FINANS..... | 13 |
| 4. ATTESTASJONER – SÆRATTESTASJONER 2023 | 14 |

1. INNLEDNING

Formålet med regnskapsrevisjon i kommuner er å gjøre revisor i stand til å avgi en uttalelse om hvorvidt kommunens årsregnskap i det alt vesentlige er avlagt i samsvar med lov forskrift og god kommunal regnskapsskikk.

Vår revisjon av årsregnskapet skal bidra til økt tillit til den økonomiske informasjon som gis fra administrasjonen til kommunestyret og øvrige brukere av årsregnskapet. Revisjonen skal også medvirke til å forebygge og avdekke misligheter og feil.

Regnskapsrevisjon i kommunal sektor er nærmere regulert i kommunelovens kapittel 24. Revisor skal utføre regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eierskapskontroll og annen kontroll som er bestemt i lov eller i medhold av lov – herunder forenklet etterlevelseskontroll.

Revisor skal planlegge, gjennomføre, dokumentere og rapportere sitt arbeid i samsvar med lov og forskrift og god kommunal revisjonsskikk.

Videre skal revisor rapportere om sitt arbeid og resultatene av sin revisjon til kontrollutvalget.

I samsvar med kommuneloven og gjeldende revisjonsstandarder vil revisor avgi revisjonsberetning til årsregnskapet til kommunestyret med kopi til kontrollutvalget.

2. INTERIMSREVISJON

Interimsrevisjon refererer til en midlertidig revisjon eller gjennomgang av regnskapet og økonomiske forhold i løpet av regnskapsåret.

Formålet med interimsrevisjonen er å identifisere eventuelle uregelmessigheter, feil eller potensielle risikoer tidligere i regnskapsåret. Dette gir mulighet til å korrigere eventuelle feil og gjøre nødvendige justeringer frem mot hovedrevisjonen. Interimsrevisjonen kan omfatte vurdering av regnskapsprinsipper, transaksjoner, intern kontroll og andre relevante aspekter av kommunens økonomiske styring.

Målet er å gi en vurdering av pålitelighet og nøyaktighet av kommunens regnskaper på et bestemt tidspunkt i løpet av året.

Ferdigstilt interim rapporteres til kontrollutvalget for å gi kontrollutvalget trygghet for at revisjonen går etter planen, og å sikre at kontrollutvalget blir informert om eventuelle viktige forhold som kan bli avdekt gjennom revisjonen.

2.1. RAPPORTENS INNHOLD

Rapporten inneholder løpende revisjon av Giske kommune og tilhørende særattestasjoner i perioden.

Dersom revisor avdekker forhold som i henhold til kommunelovens §24-7 skal påpekes skriftlig til kontrollutvalget, gjøres dette i egne nummererte brev.

2.2. UTFØRT INTERIMSREVISJON

Revisor skal vurdere om den økonomiske internkontrollen er ordnet på en betryggende måte og med forsvarlig kontroll. Den økonomiske internkontrollen vil ha betydning for kommunens økonomistyring og mangler ved kommunens internkontroll vil kunne medføre risiko for feil i årsregnskapet. I tillegg vil manglende intern kontroll medføre økt risiko for økonomiske misligheter.

For å vurdere dette har revisjonen gjennomført kartlegging og vurdering av internkontrollen gjennom å foreta foreløpige analyser av kommunens regnskap, ofte over flere perioder. Det er avholdt møter med kommunens økonomi og regnskapsavdeling for å kartlegge samt løse identifiserte problemstillinger. Det er foretatt revisjon av nøkkelprosesser inkludert møter og intervju av nøkkelpersoner for å identifisere fokusområder.

Det er gjennomført test av kontroller og gjennomført øvrige relevante revisjonshandlinger med fokus på transaksjonsklasser, oppsummert per revisjons området i påfølgende avsnitt, revisjonstilnærming interim.

2.3. IDENTIFISERTE RISIKOER OG FORBEDRINGSFORSLAG FRA 2022 REVISJONEN – GISKE KOMMUNE

Overføringsområdet:

- Forbedre rutiner og dokumentasjon av attestasjoner

Lønnsområdet:

- Ledere bør kontrollere lønningslister

2.4. SKRIFTELIGE PÅPEKNINGER FRA REVISOR – KOML. §24-7

I henhold til kommunelovens §24-7 skal revisor gi skriftlige meldinger om:

Revisor skal gi skriftlige meldinger om

- a. vesentlige feil som kan føre til at årsregnskapet ikke gir riktig informasjon
- b. vesentlige mangler ved registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger
- c. vesentlige mangler ved den økonomiske internkontrollen
- d. manglende eller mangelfull redegjørelse i årsberetningen for vesentlige budsjettavvik
- e. enhver mislighet
- f. hvorfor han eller hun ikke har skrevet under på oppgaver som kommunen eller fylkeskommunen myndigheter, og som revisor etter lov eller forskrift skal bekrefte
- g. hvorfor han eller hun sier fra seg revisjonsoppdraget.

Meldinger som nevnt i første ledd skal sendes i nummerte brev til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren.

Hvis revisor avdekker eller på annen måte blir kjent med misligheter, skal han eller hun straks melde fra om det etter første ledd bokstav e. Når saksforholdet er nærmere klarlagt, skal revisor sende et nytt brev til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren.

Revisor skal årlig gi en skriftlig oppsummering til kontrollutvalget om forhold som er tatt opp etter første ledd, men som ikke er rettet opp eller som ikke er tilstrekkelig fulgt opp.

For Giske kommune er det ingen nummererte brev pr 1.1.2024.

3. REVISJONSTILNÆRMING INTERIM

3.1. REGNSKAPSRAPPORTERING

| | |
|---|--|
| Regnskapsrapportering | Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger – status etter interim |
| Risiko knyttet til: <ul style="list-style-type: none"> • Økonomisk handlingsrom (gjeldsgrad) • Tertialrapportering og offisielt regnskap • Årsoppgjørdisponeringer/ avslutning og strykninger • Bruk av fond • Budsjettjustering og budsjettavvik | Middels anslått risiko: <p>Risiko for feil i forbindelse med utarbeidelsen av regnskapet, flere manuelle posteringer og lite rutinemessig arbeid.</p> <p>Revisjonshandlinger på dette området blir i stor grad gjennomført ved årsoppgjørrevisjonen.</p> Interimsrevisjon av området: <p>Periodisk regnskapsrapportering til kommunestyret. Økonomiavdelinga har rapportert per tertial på både regnskap og finans. Vi vurderer det slik at rapportene omtaler vesentlige forhold.</p> <p>Budsjett – kontroll om budsjett i budsjettskjema stemmer med vedtak. Ikke avdekket noen avvik.</p> |

3.2. SALG

| | |
|---|---|
| Salgsområdet | Angrepsvinkel: Substanshandlinger Status etter interim |
| Risiko knyttet til: <ul style="list-style-type: none"> • Salgs- og leieinntekter (drift) • Kundefordringer (bal) • Andre kortsiktige fordringer (bal) • Ordinær merverdiavgift • Selvkost | Lav anslått risiko: Stor grad av rutinemessige løpende transaksjoner, lite bruk av skjønn og estimat. Noe risiko ligger likevel i anslagsposter/periodiseringer og høyt transaksjonsvolum. Interimsrevisjon av salgsområdet: <ul style="list-style-type: none"> - Rutinekartlegging - Analyse - Fakturering – kontroll av satser Ingen forhold ved vår kartlegging eller analyse som indikerer at vi bør endre vår revisjons strategi eller risikovurdering på området. |

3.3. INNKJØP

| | |
|--|---|
| Innkjøps/ kostnadsområdet | Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger Status etter interim |
| Risiko knyttet til: <ul style="list-style-type: none"> • Kjøp av varer og tjenester (drift) • Momskompensasjon • Leverandørgjeld (bal) • Annen kortsiktig gjeld (bal) | Lav anslått risiko: Stor grad av rutinemessige løpende transaksjoner. Tvungen attestasjons- og anvisningsrutine for inngående faktura. Interimsrevisjon av innkjøps og kostnadsområdet: <ul style="list-style-type: none"> - Rutinegjennomgang - Analyse - Vugge til grav – e handel og EHF faktura - Test av kontroll - kontroll av attestasjon og anvisning - Bilagskontroll Revisjonsstrategi og revisjonsrisiko på området opprettholdes med grunnlag i ovenstående handlinger/ vurderinger |

3.4. INVESTERINGER

| | |
|---|--|
| Driftsmidler/Investeringer | Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger Status etter interim |
| Risiko knyttet til: <ul style="list-style-type: none"> • Investeringer i varige driftsmidler (inv) • Salg av varige driftsmidler (inv) • Avskrivninger/motpost avskrivninger (drift) • Bruk av lån/lovlig finansiering (inv) • Skille mellom drift og investering | Middels anslått risiko: Stor grad av rutinemessige løpende transaksjoner. Tvungen attestasjons- og anvisningsrutine for inngående faktura. Komplisert regelverk og skjønsmessige vurderinger knyttet til skille mellom drift og investering, samt vurdering av levetid på anleggsmidlene, øker risiko for vesentlige feil. Interimsrevisjon av driftsmidler/ investeringsområdet: <ul style="list-style-type: none"> - Rutinegjennomgang - Analyse - Bilagskontroll - Skille drift/ investering Drift/ Investering: Liste ikke ferdigstilt, gjennomgang i årsoppgjøret. Revisjonsstrategi og revisjonsrisiko på området opprettholdes med grunnlag i ovenstående handlinger/ vurderinger |

3.5. LØNN

| | |
|---|--|
| Lønnsområdet | Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger Status etter interim |
| Risiko knyttet til: <ul style="list-style-type: none"> • Lønnskostnader • Sosiale kostnader • Pensjon | Lav anslått risiko: Rutinemessige månedlige beløp for fast lønn. Noe mer komplekst (forsystemer, manuelle grunnlag etc.) for variabel lønn. Høyt volum/størrelse, men mindre beløp for enkelttransaksjoner. Interimsrevisjon av lønnsområdet: <ul style="list-style-type: none"> - Rutinegjennomgang - Analyse - Godkjenning av timer og reiseregning – attestasjon og anvisning - Nyansettelser – kontroll av riktig registrerte opplysninger i HRM - Oppdaterte riktige satser i HRM fra lokale forhandlinger og hovedtariffavtalen - Pensjon – kontroll tilknytning mot pensjonskasse - Lønnsforhandlingsmodul – kontroll av riktig registrerte opplysninger i HRM Revisjonsstrategi og revisjonsrisiko på området opprettholdes med grunnlag i ovenstående handlinger/ vurderinger |

3.6. OVERFØRING

| | |
|--|---|
| Overføringsområdet | Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger Status etter interim |
| Risiko knyttet til: <u>Overføringsinntekter:</u> <ul style="list-style-type: none"> • Rammetilskudd (drift) • Inntekts- og formuesskatt (drift) • Eiendomsskatt (drift) • Andre skatteinntekter (drift) • Andre overføringer og tilskudd fra staten (drift) • Overføring og tilskudd fra andre (drift) • Tilskudd fra andre (inv) <u>Overføringsutgifter:</u> <ul style="list-style-type: none"> • Overføring og tilskudd til andre (drift) • Tilskudd til andres investeringer (inv) | Lav anslått risiko: Overføringsinntekter består hovedsakelig av overføringer fra staten som kan total avstemmes mot ekstern dokumentasjon. Overføringsutgifter kontrolleres i stor grad mot vedtak og/eller budsjett, samt analytisk vurdering. Interimsrevisjon av overføringsområdet: <ul style="list-style-type: none"> - Rutinegjennomgang - Analyse - Merverdiavgiftskompensasjon termin 1-5 - Test av kontroller – attestasjon og anvisning av faktura Særattestasjoner foretas løpende – tilskuddsordninger mv. Det er under interimsrevisjonen av området ikke avdekket forhold som indikerer endring av verken revisjonsstrategi eller risiko |

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

3.7. FINANS

| Finansområdet (res) | Finansområdet (bal) | Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger Status etter interim |
|--|---|--|
| Risiko transaksjonsklasser: <ul style="list-style-type: none">• Renteinntekter og renteutgifter (drift)• Avdrag på lån (drift)• Utbytter (drift)• Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler (drift)• Investering i aksjer og andeler (inv)• Salg av finansielle anleggsmidler (inv)• Utlån av egne midler (inv)• Avdrag på lån (inv)• Utdeling fra selskaper (inv) | Risiko balanseposter: <ul style="list-style-type: none">• Bankinnskudd og kontanter• Aksjer og andeler• Andre finansielle plasseringer• Fond• Kapitalkonto• Gjeld til kredittinstitusjoner• Annen gjeld (obligasjons- og sertifikatlån)• Utlån• Ubrukte lånemidler | Middels anslått risiko: <p>Finansområdet er et komplekst område sammensatt av mange transaksjonsklasser med ulik risikovurdering.</p> Interimsrevisjon av finansområdet: <ul style="list-style-type: none">- Rutinegjennomgang- Analyser- Minimumsavdrag- Test av kontroller – bankavstemming <p>Kommunen avstemmer bankkonti manuelt, månedlig avstemming – testen synes å fungere.</p> <p>Ikke avdekket forhold som indikerer endring av verken revisjonsstrategi eller risiko.</p> |

4. ATTESTASJONER – SÆRATTESTASJONER I 2023

- Merverdiavgiftskompensasjon:
 - 1.termin 2023
 - 2.termin 2023
 - 3.termin 2023
 - 4.termin 2023
 - 5.termin 2023
- Helsedirektoratet, ISRS 4400 Avtalte kontrollhandlinger – Tilskudd til nasjonal ALIS
- Helsedirektoratet, ISRS 4400 Avtalte kontrollhandlinger – Rapportering av antall personer med psykisk utviklingshemming i Giske kommune pr 01.01.23
- Statsforvalteren i Møre og Romsdal, ISA 805 – Kommunalt kompetanse- og innovasjonstilskudd 2022
- Møre og Romsdal fylkeskommune, ISRS 4400 Avtalte kontrollhandlinger – Utvikling av Gjøvsund hamne- og næringsområde
- Kystverket, ISRS 4400 Avtalte kontrollhandlinger – Forskuttering av prosjekt Gjøvsund fiskerihavn
- Møre og Romsdal fylkeskommune, ISRS 4400 Avtalte kontrollhandlinger – Marine Grunnkart
- Bufdir, ISRS 4400 Avtalte kontrollhandlinger – Systematisk identifikasjon og oppfølging av utsatte barn
- Forenklet etterlevelseskontroll 2022 – Fosterhjemsgodtgjørelse
- Helsedirektoratet, ISRS 4400 Avtalte kontrollhandlinger – Ressurskrevende tjenester

Møre og Romsdal Revisjon SA

Hovedkontor: Kristiansund

Avdelingskontor: Ålesund, Molde, Surnadal

Eiere:

Aure, Averøy, Kristiansund, Rindal, Smøla, Surnadal, Tingvoll, Aukra, Hustadvika, Gjemnes, Molde, Rauma, Sunndal, Vestnes, Fjord, Giske, Sula, Stranda, Sykkylven og Ålesund.

Møre og Romsdal fylkeskommune.

Saksframlegg

| | | |
|----------|---------------------|------------|
| Saknr. | Utval | Møtedato |
| PS 03/24 | Giske kontrollutval | 13.02.2024 |

Kontrollutvalet si påsjåar-rolle Giske kontrollutval

Sekretariatet si tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjon om gjennomført kvalitetskontroll av Møre og Romsdal Revisjon SA til vitande.

Bakgrunn:

Utgangspunktet for kontrollutvalet sitt påsjå-ansvar er kommunelova og forskrift om kontrollutval og revisjon.

Kontrollutvalet har ansvar for å sjå til at rekneskapane blir reviderte på ein forsvarleg måte. Kontrollutvalet skal halde seg løpande orientert om revisjonsarbeidet gjennom regnskapsåret og sjå til

- at revisjonen skjer i samsvar med lover og forskrifter, under dette god kommunal revisjonsskikk
- at revisor er uavhengig og oppfyller kvalifikasjonskrav og andre krav i lover og forskrifter som revisor må rette seg etter
- at revisjonen følgjer eventuelle instruksar frå kontrollutvalet og avtalar som revisor og kontrollutvalet har inngått

Kontrollutvalet sitt ansvar omfattar ikkje ei fagleg vurdering av korleis revisjonen blir utført, då revisor har eit sjølvstendig fagleg ansvar for dette. Kontrollutvalet kan ikkje instruere revisor i det revisjonsfaglege arbeidet, men kan be om tilleggsoppgåver som har samband med rekneskapsrevisjonen.

Kontrollutvalet fyller sitt ansvar for å sjå til at revisjonen blir utført på ein forsvarleg måte ved å gjennomføre aktivitetar knytte til oppfølging av revisjonen og revisjonsarbeidet. Dette kan omfatte:

- revisor si uavhengigerklæring
- kvalitetskontrollar hjå revisor
- avtalar mellom kontrollutval og revisor

- engasjementsbrev for revisjonsoppdraget
- strategi og plan for revisjonen, og risikovurderingar
- revisjonsrapportar
- nummererte brev
- meldingar (i nummererte brev) om eventuelle mislege handlingar
- revisjonsmeldinga, under dette resultatet av kontrollen med budsjettavvik
- resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen med økonomiforvaltninga

Kontrollutvalet har ikkje noko ansvar for å følge opp revisjonen av rekneskap for interkommunale selskap (IKS) eller andre verksemdar (som til dømes kyrkjelege fellestråd), då desse ikkje er ein del av kommunen.

Vurdering:

Kontrollutvalet bør få stadfesta at revisor har eit tilfredsstillande og dokumentert system for kvalitetssikring og internkontroll, og eventuelt be revisor dokumentere dette.

NKRF utfører kvalitetskontroll overfor egne medlemmer. Den norske Revisorforening gjer det same overfor sine medlemmer som utfører kommunal revisjon. Dersom revisor har fått varsel om planlagd ekstern kvalitetskontroll, bør revisor informere kontrollutvalet om dette. Endeleg rapport/konklusjon frå kvalitetskontrollen bør revisor sende over til kontrollutvalet. I tillegg skal kontrollutvalet handsame den årlege uavhengigerklæringa frå revisor.

Dokumentasjon på gjennomført kvalitetskontroll av Møre og Romsdal Revisjon SA ligg ved saka.

Vedlegg

Kvalitetskontroll 2023 - gjennomført av NKRF - kontroll og revisjon i kommunene

Til kontrollutvalget

23.11.2023

Resultat kvalitetskontroll

Vi har i høst hatt kvalitetskontroll av NKRF – kontroll og revisjon i kommunene.

Kvalitetskomiteen har hatt møte 17. november 2023 og ferdigbehandlet årets kvalitetskontroll. Årets kontroll bestod både av regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll.

Kontrollkomiteen har oppsummert fattet følgende vedtak:

Regnskapsrevisjon: Godkjent

Forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll: Godkjent

Vi viser ellers til vedlagte rapport fra kvalitetskontrollkomiteen.

Vennlig hilsen

Møre og Romsdal Revisjon SA

Martin Gjendem Mortensen

Daglig leder

Kvalitetskontrollkomiteen

Kontroll nr. 2303
Møre og Romsdal revisjon SA
post@mrrevisjon.no

Kopi:
elin.haarsaker@trondheim.kommune.no
berit.juul@trondheim.kommune.no

Forbundsbasert kvalitetskontroll utført 2023

Kvalitetskontrollkomiteen har i møte 17. november 2023 behandlet kontrollrapporter for regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon/eierskapskontroll iht. reglement for kvalitetskontroll. Med bakgrunn i rapportene har komiteen fattet følgende vedtak:

Vedtak etter årets kontroll av regnskapsrevisjon: **Godkjent**. Kontrollørs rapport viser at det ikke er avdekket vesentlige mangler og avvik knyttet til enhetens internkontroll, eller i revisors planlegging og gjennomføring av de revisjonsoppdrag som er kontrollert.

Vedtak etter årets kontroll av forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll: **Godkjent**. Kontrollør finner at enheten har et betryggende skriftlig system for kvalitetssikring. Etter kontrollørs vurdering er undersøkelsene som er kontrollert gjennomført i tråd med RSK 001 og RSK 002.

Komiteen ber enheten merke seg de forbedringspunkter kontrollør har identifisert.

Jessheim, 21. november 2023
Kvalitetskontrollkomiteen, NKRF



Øyvind Nordbrønd Grøndahl
leder

Saksframlegg

| | | |
|----------|---------------------|------------|
| Saksnr. | Utval | Møtedato |
| PS 04/24 | Giske kontrollutval | 13.02.2024 |

Rapport forvaltningsrevisjon 2023 - offentlege anskaffingar Giske kommune

Sekretariatet si tilråding:

1. Kontrollutvalet gjer kommunestyret merksam på, at revisor peiker på ein risiko for gebyr og erstatningsansvar, om ikkje kommunen har ei overordna oppfølging og kontroll med innkjøp/anskaffingar.
2. Kommunestyret bed kommunedirektøren om å følgje opp tilrådingane med å:
 - utarbeide eit strategidokument for innkjøp og offentlege anskaffingar
 - sørge for kompetanseheving og regelmessig opplæring for alle som har mynde til å gjere anskaffingar og nytte e-handel
 - gå gjennom regelmessige innkjøp og serviceavtaler for å vurdere bruk av fleire rammeavtaler
 - sjå til at heile organisasjonen har rutiner og system for å registrere og handtere avrop på rammeavtaler
 - sjå til at det vert brukt lik mal for anskaffingsprotokoll i heile organisasjonen
 - kreve skatteattest frå dei norske leverandørane som vert nytta, når anskaffinga overstig kr 500 000
3. Kommunedirektøren sender skrifteleg til kontrollutvalet ein plan for iverksetting av tiltaka, innan 10.05.2024
4. Kommunestyret bed kontrollutvalet rapportere attende til kommunestyret, når kommunedirektøren har iverksett tiltaka.

Bakgrunn:

På bakgrunn av kontrollutvalet si tilråding har Giske kommunestyret vedteke ein plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2020-2023.

I tråd med denne, bestilte kontrollutvalet 8. februar 2023 ein forvaltningsrevisjon på offentlege anskaffingar. Hovudføremålet med denne forvaltningsrevisjonen var å undersøke om Giske kommune føretek offentlege anskaffingar i tråd med reglar og rutiner på området. Revisor svarer med denne rapporten på tre problemstillingar:

1. Har Giske kommune sett i veker tiltak for å sikre at regelverket for offentlege anskaffingar vert følgt?
2. Blir varer og tenester kjøpt inn i samsvar med lov og regelverk på området?
3. Nyttar Giske kommune seg av dei inngåtte rammeavtalane på ein korrekt måte?

Revisor sin generelle konklusjon i rapporten er:

Generelt er det ein stor risiko for å gjere feil når det kjem til gjennomføring av offentlege anskaffingar. Det er difor viktig at dei blir utført i tråd med lov- og forskriftskrav samt kommunen sitt interne regelverk på området. Reglane for anskaffingar er omfattande og til dels kompliserte. Det krev at alle som gjer innkjøp og anskaffingar i kommunen har nødvendig kunnskap om dei reglane som gjeld til ei kvar tid. Dette for å sikre at dei grunnleggjande krava som blir stilt i regelverket blir oppfylt, uansett kva innkjøp eller anskaffing kommunen føretek. Det er også sentralt at dei rammeavtalane som er inngått for kommunen blir nytta ved driftsinnkjøp, noko som gir stordriftsfordelar og enklare kjøpsprosess.

Giske kommune gjer mykje bra når det kjem til gjennomføring av konkurranse. Administrasjonen gir uttrykk for openheit for kor svakheitene ligg, noko vi meiner er positivt. Dei data vi har henta inn viser at det er nokon forbedringspotensial når det kjem overordna strategi, opplæring og kompetanse, og protokoll og skatteattest, samd bruk av rammeavtalane.

Ut over dette viser rapporten revisor sine konklusjonar knytt til dei tre problemstillingane, og kva tilrådingar som revisor kjem med etter å ha gjennomført denne kontrollhandlinga.

Vurdering:

Etter sekretariatet si vurdering, så svarer rapporten frå Møre og Romsdal Revisjon SA på kontrollutvalget si bestilling. Problemstillingar, metode og ressursbruk er som avtala i prosjektplanen. Tidsplanen vart justert undervegs, i god forståing mellom revisjon og sekretariat/kontrollutval.

Forvaltningsrevisor har eit godt grunnlag for sine konklusjoner og tilrådingar i rapporten. Kontrollutvalet bør difor tilrå at kommunestyret gjev kommunedirektøren i oppgave å sette i verk dei tiltaka som revisor har peika på.

Kommunedirektøren rapporterer til kontrollutvalget om korleis han planlegg å iverksette tiltaka, når tiltaka er effektuert og når dei har vore i bruk ei stund. Og kontrollutvalet, som er kommunestyret sitt operative kontrollorgan, rapporterer til kommunestyret undervegs. Enten gjennom møteprotokollen eller som eiga sak om utvalet finn det tenleg.

Vedlegg

Rapport forvaltningsrevisjon innkjøp og offentlege anskaffingar 2023

Saksframlegg

| | | |
|----------|---------------------|------------|
| Saksnr. | Utval | Møtedato |
| PS 05/24 | Giske kontrollutval | 13.02.2024 |

Prosjektskisse for gjennomføring risiko- og vesentlegvurdering 2024 Giske kommune

Sekretariatet si tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet ber Møre og Romsdal Revisjon SA gjennomføre risiko- og vesentlegvurderingar i Ålesund kommune. Prosjektplan ROV av januar 2024, samt dei moment som kom fram i møtet, vert lagt til grunn.

Kontrollutvalet ber om at oppdraget vert utført innanfor ei ramme på 150 timer og at kontrollutvalet kan vedta ROV-analyse i mai 2024.

Det er ei målsetting at kontrollutvalet si innstilling til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll, vert lagt fram for kommunestyret i september.

Bakgrunn:

I tråd med kommunelova § 23-3 skal kontrollutvalet utarbeide plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll det første året i valperioden. Det betyr at kontrollutvalet innan utgangen av 2024 må sørge for:

- å gjennomføre ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap.
- å utarbeide ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon i perioden 2024-2027 og
- å utarbeide ein plan for gjennomføring av eigarskapskontroll i perioden 2024-2027
- at planane vert vedtekne av kommunestyret innan utgangen av 2024

Kontrollutvalet bør i si innstilling til kommunestyret, be om å få mynde til å gjere endringar i planperioden.

Kontrollutvalet vedtok 29.11 2023 å bestille ein prosjektplan for gjennomføring av risiko- og vesentlegvurdering.

Vurdering:

Møre og Romsdal Revisjon SA har laga ein prosjektplan, som svarer på det som kontrollutvalet bestilte. I prosjektplanen er det gjort greie for korleis dei planlegg å gjennomføre analysa, forventa ressursbruk og forventa leveringstidspunkt. Slik sekretariatet vurderer det så er dette er i tråd med det kontorllutvalet bestilte.

Leiar av kontorllutvalet saman med rådgivar frå sekretariatet, hadde 3. januar eit møte med ordfører og kommunedirektør. Vi snakka mellom anna om det å invitere ordfører, varaordfører, utvalsleiarar og kommunedirektør med sine leiarar, til eit prosessmøte saman med kontrollutvalet, for å gje innspel til arbeidet med ROV-analysa. Sekretariatet vil gje ei kort orientering om dette prosessmøtet på kontrollutvalsmøtet 13. februar.

Formålet med eit slikt møte er at ein får samla informasjon om den kommunale verksemda frå ulike ståstader. Dette kan saman med dei andre metodane revisjonen bruker for å samle informasjon, vere nyttig til bruk i risiko- og vesentleganalysa.

Ei slik involvering kan gjere at fleire får kunnskap om kva som er grunnlaget for plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll, og kvifor ein slik revisjon/kontroll vert gjennomført.

Både ordfører og kommunedirektør var positive til involveringa i eit slikt prosessmøte, og vi har som mål å gjennomføre dette i løpet av mars. Tidsramma for møtet er tenkt inntil tre timar.

Sekretariatet oppmodar kontrollutvalet til å kome med sine innspel allereie no, om der er andre områder enn dei som er nemnt i prosjektplanen, som de meiner bør vere med i risiko- og vesentleganalysa.

Vedlegg

Prosjektplan risiko- og vesentlegvurdering 2024

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

PROSJEKTPLAN

GISKE KOMMUNE

Risiko og vesentlighetsvurdering som grunnlag for Plan for
forvaltningsrevisjon og Plan for eierskapskontroll

BESTILLING

Kontrollutvalget fattet 29.11.23 vedtak om å bestille en prosjektplan for utarbeidelse av Risiko og vesentlighetsvurdering (ROV) som skal danne grunnlaget for Plan for forvaltningsrevisjon og Plan for eierskapskontroll i denne valgperioden, jf sak 26/23:

«Giske kontrollutval ber sekretariatet om å bestille ein prosjektplan for gjennomføring av risiko- og vesentlegvurdering frå Møre og Romsdal Revisjon SA. I bestillinga må dei synspunkt om prosess og involvering som kom fram i møtet, takast med.

I prosjektplanen skal det kome fram:

- *korleis analyse- og planarbeidet er tenkt å gjennomførast.*
- *forventa ressursbruk samt tidsplan*

Prosjektplanen vert å legge fram til godkjenning for kontrollutvalet på første møte i 2024.

Kontrollutvalet ber om at sekretariatet førebur ein prosess for eit dialogmøte med inviterte partar, og legg fram ein plan for dette til neste møte.

Kontrollutvalet ber om at prosessen vert lagt opp slik at forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll seinast kan leggast fram for kommunestyret i første møte andre halvår 2024.»

Vi vil redegjøre for hvordan vi tenker å løse oppgaven med å utarbeide ROV i denne prosjektplanen.

- Om risiko- og vesentlighetsvurderinger og plan for forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll
- Arbeidsmetode og kilder
- Områder og tema i ROV
- Prosjektgruppe og timeanslag
- Fremdriftsplan

OM RISIKO- OG VESENTLIGHETSVURDERINGER OG PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON OG EIERSKAPSKONTROLL

Kommuneloven har i § 23-3, 2. ledd bestemmelse om at kontrollutvalget skal utarbeide en plan for forvaltningsrevisjon innen utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunen. Dette for å identifisere behov for forvaltningsrevisjon i de ulike tjenesteområdene. Det samme gjelder for eierskapskontroll etter kommuneloven § 23-4. Formålet med risiko og vesentlighetsvurderingene er å finne relevant informasjon om kommunens virksomhet, slik at forvaltningsrevisjonsprosjekt og eierskapskontroller velges på grunnlag av faglige vurderinger. Planen vedtas av kommunestyret, som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

I Kontrollutvalgsboka (Kommunal- og distriktsdepartementet) går det på side 41, kap.6 følgende om «Planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll»:

«To av dei viktigaste oppgåvene til kontrollutvalet er å sørge for at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen og i selskapa kommunen har eigarinteresser i, og at kommunen sine eigarinteresser i selskap blir kontrollerte.

For å sikre at kommunestyret vel ut dei mest relevante prosjekta, skal kontrollutvalet utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon og ein plan for eigarskapskontroll, sjå kommunelova §§ 23-3 og 23-4.

For å utarbeide gode planar som får fram kva område i kommunen som bør kontrollerast, stiller kommunelova krav om at det blir gjennomført ei risiko- og vesentlegvurdering av verksemda til kommunen og selskapa til kommunen. Risiko- og vesentlegvurderinga skal gje svar på kva område det er knytt størst risiko til, og kva område det er mest vesentleg for kontrollutvalet å undersøkje. Det er viktig at kontrollutvalet er aktivt involvert i prosessen, spesielt når det gjeld vurdering og prioritering av prosjekt som skal gjennomførast i planperioden.»

Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets vedtak. Hensikten med forvaltningsrevisjon er å bidra til et godt beslutningsgrunnlag for de folkevalgte styring og kontroll, og å bidra til læring. (NKRF kontroll og revisjon i kommunene – RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon).

Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eierinteresser gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring. (NKRF – RSK 002 Standard for eierskapskontroll). Dersom kontrollen skal omfatte selskapets virksomhet, dvs. spørsmål som krever innsyn i selskapets drift må dette gjøres i form av en forvaltningsrevisjon. Eierskapskontrollen retter seg altså mot kommunen som eier og den eller de som utøver kommunens eierinteresser i og utenfor eierorganet. (NKRF)

ARBEIDSMETODE OG KILDER

Vi tar sikte på å legge et bredt spekter av kilder til grunn for utarbeidelse av risiko- og vesentlighetsvurderingen. I hovedsak kan kildene kategoriseres i:

- Intervju, møter og spørreundersøkelse
- Styringsdokumenter, rapporter og statistikk

Utarbeidelse av ROV er ikke det samme som å gjennomføre en forvaltningsrevisjon med de krav det stiller til oppdragsansvarlig revisor og arbeidsmetoder m.v. jf. RSK 001. Vi ønsker derfor i dette arbeidet et tettere samarbeid med KU-sekretariat og KU.

INTERVJU, MØTER OG SPØRREUNDERSØKELSE

Det vil bli invitert til oppstartsmøte med kommunedirektør og ordfører. Kontrollutvalgssekretariatet blir med i oppstartsmøtet for å planlegge prosessmøte.

Kontrollutvalget vil gjennomføre et prosessmøte for et utvalg av sentrale aktører, og vi vil delta på denne samlingen for å hente inn informasjon som kommer frem. Kontrollutvalgssekretariatet er fasilitator i dette møtet.

Avhengig av hvem som deltar på samling, og hva som kommer frem, tar vi sikte på å gjennomføre intervju med hovedtillitsvalgte, hovedverneombud og eventuelt et utvalg innenfor administrativ ledelse og nøkkelpersonell.

Videre vil vi sammen med kontrollutvalgssekretariatet vurdere og eventuelt utforme og sende ut en spørreundersøkelse til kommunestyrerepresentanter og ledelse/nøkkelpersonell.

I forbindelse med eierskapskontroll vil vi blant annet hente ut informasjon fra eierskapsmelding, samt gjøre et utvalg av styringsdokument i sentrale selskap. Dersom det skal gjøres undersøkelser ut over eierskapskontroll i selskap, kan aktuelle tema for forvaltningsrevisjon i selskap for eksempel være etterlevelse av bestemmelser om habilitet, offentlighet, saksbehandling, offentlige anskaffelser m.v.

STYRINGSDOKUMENTER OG RAPPORTER

Aktuelle dokument for gjennomgang:

- Kommuneplan
- Planstrategi
- Kommunedelplaner
- Delegasjonsreglement
- Økonomireglement
- Etske retningslinjer
- Innkjøpsreglement/strategi
- Finansreglement
- Budsjett og økonomiplaner siste to år
- Årsrapporter siste to år (inkl. aktuell statistikk)
- Tertialrapporter 2022 og 2023
- Forvaltningsrevisjonsrapporter (siste 3 år)
- Tilsynsrapporter fra tilsynsmyndigheter (siste 3 år)
- KOFA-avgjørelser (siste 3 år)
- Eierskapsmelding

Aktuelle eksterne statistikker for gjennomgang

- SSB, KOSTRA
- Kommunebarometeret
- Statistikk fra GSI (Grunnskolen Informasjonssystem)
- FHI: Folkehelseprofilen 2023
- Åpenhetsbarometeret 2023
- KS Produksjonsindeks 2022

Andre dokumenter




- NKRF sin veileder for risiko- og vesentlighetsvurdering
- Politiets sikkerhetstjeneste, nasjonal trusselvurdering 2023
- Økokrims trusselvurdering 2022
- Datatilsynet, årsrapport 2022
- KS
 - Status kommune 2022 og 2023 fra KS
 - Om kommunenes utfordringer med klimatilpasning (2019)
 - Anbefalinger om eierstyring, selskapsledelse og kontroll

OMRÅDER OG TEMA I ROV

Kommunen skal yte tjenester og drive samfunnsutvikling til beste for innbyggerne, utøve offentlig myndighet og bidra til en effektiv, tillitsskapende og bærekraftig forvaltning. Basert på kommunens ansvarsområder vil vi dele risiko- og vesentlighetsvurderingen inn i fire hovedområder:

- Bærekraft – Bidrar kommunen gjennom sin virksomhet til en bærekraftig utvikling?
- Lokaldemokrati – Fungerer lokaldemokratiet som forutsatt i kommuneloven?
- Tillitsskapende forvaltning – Har kommunen en tillitsskapende forvaltning?
- Tjenesteyting og myndighetsutøvelse – Produserer kommunen de tjenestene innbyggerne har krav på, og skjer myndighetsutøvelsen på en rasjonell og effektiv måte?

I fremstillingen i ROV kan vi bruke tabeller der valgte risikofaktorer vurderes i forhold til sannsynlighet og konsekvens. Eksempel på matrise for fremstillingen er som følger:

| Risikofaktor | Bakgrunn for risikovurdering | | Risikovurdering | | Risikonivå |
|--------------|--|---------------------------------|-----------------|------------|---|
| | Sannsynlighet for at risiko inntreffer | Konsekvens om risiko inntreffer | Sannsynlighet | Konsekvens | |
| | | | M | H |  |
| | | | L | M |  |
| | | | L | L |  |

NKRF har utarbeidet en veileder for arbeid med ROV¹, og vi legger denne til grunn for arbeidet.

Vi vil levere risiko- og vesentlighetsvurderingene i ett dokument som grunnlag for både Plan for forvaltningsrevisjon og for Plan for eierskapskontroll.

¹ https://www.nkrf.no/filarkiv/File/Publikasjoner/ROV-veileder_oppdatert-fastsatt_av-styret_3.12.2019.pdf

SEKTOROVERGRIPENDE OMRÅDER

- Bærekraft
- Åpenhet og innsyn
- Saksutredning og oppfølging av politiske vedtak
- Internkontroll og avvikssystem
- Etikk og varsling
- Informasjonssikkerhet og personvern
- Arkiv og dokumentasjon
- Saksbehandling
- Samfunnssikkerhet og beredskap
- Overordnet økonomistyring
- Digitalisering
- Offentlige anskaffelser
- Offentlig støtte
- Arbeidsmiljø
- Andre områder

SEKTORER

Under er sektorene slik kommunen har organisert seg listet opp, og det vil være utgangspunktet for sektoroppdelingen i ROV-en. Det tas likevel forbehold om at en ved gjennomgang ser at det kan være hensiktsmessig med en annen oppdeling.

Videre kan det være at enkelte av områdene under blir fanget opp under sektorovergripende områder.

- Oppvekst
 - Barnehage
 - Grunnskoler og SFO
 - Voksenopplæring
 - Pedagogisk psykologisk tjeneste (PPT)/spesialpedagogikk
 - Helsestasjonstjeneste
 - Barnevern
 - Familiestøttende tjenester
 - Avlastningstjenester
 - Integrering
- Helse
 - Institusjon/sykehjem
 - Omsorgsdistrikt/hjemmebasert
 - Legetjenester/akutt beredskap

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

- Forebygging
 - Måltid/ernæring
 - Botenester
 - Arbeid og aktivitet
 - Psykisk helse og rus
 - NAV
-
- Samfunn
 - Plan og bygning
 - Vann og avløp
 - Miljø og samferdsel
 - Innbyggertorg og bibliotek
 - Kulturskole
 - Kultur og fritid
-
- Andre områder

PROSJEKTGRUPPE OG TIMEANSLAG

Vi anslår at prosjektet kan gjennomføres på ca 150 timer samlet for forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll. Timeanslaget inneholder datainnsamling- og analyse, utarbeiding og kvalitetssikring av ROV. Timeantallet omfatter også presentasjon av ferdig rapport for kontrollutvalget.

Prosjektgruppe:

| NAVN | TITTEL |
|--------------------------|------------------------------------|
| Martin Gjendem Mortensen | Daglig leder |
| Charlotte Blomvik | Forvaltningsrevisor |
| Kathrin Haram | Oppdragsansvarlig regnskapsrevisor |

Teamet representerer lang erfaring innen kommunal forvaltning. I tillegg vil oppdragsansvarlig regnskapsrevisor bidra inn i prosjektet sammen med andre nøkkelpersonell hos oss som har kunnskap- og erfaring med kommunen og kommunale oppgaver.

FREMDRIFTSPLAN

Følgende matrise viser fremdriftsplanen som det er lagt opp til.

| ARBEIDSPROSESSER | Jan | Feb | Mar | Apr | Mai | Jun |
|-----------------------|-----|-----|-----|-----|-----|-----|
| Dokumentinnhenting | | | | | | |
| Intervju | | | | | | |
| Spørreundersøkelse | | | | | | |
| Analyse- og vurdering | | | | | | |
| Høring, faktasjekk | | | | | | |
| Ferdigstilling ROV | | | | | 1. | |
| Kontrollutvalgsmøte | | 13. | | | | |
| Prosessmøte | | | | | | |
| Kommunestyret | | | | | | |

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Hovedkontor: Kristiansund

Avdelingskontor: Ålesund, Molde, Surnadal

Eiere:

Aure, Averøy, Kristiansund, Rindal, Smøla, Surnadal, Tingvoll,
Aukra, Hustadvika, Gjemnes, Molde, Rauma, Sunndal, Vestnes,
Fjord, Giske, Sula, Stranda, Sykkylven og Ålesund.

Møre og Romsdal fylkeskommune.

Saksframlegg

| | | |
|----------|---------------------|------------|
| Saksnr. | Utval | Møtedato |
| PS 06/24 | Giske kontrollutval | 13.02.2024 |

Årsmelding 2023 Giske kontrollutval

Sekretariatet si tilråding:

Giske kontrollutval vedtek Giske kontrollutval si årsmelding 2023, slik den ligg føre. Årsmeldinga vert sendt til kommunestyret som rapport på kontrollutvalet sitt arbeid i 2023.

Bakgrunn:

Det er kommunestyret som har det overordna kontrollansvaret for den kommunale verksemda og kommunen sine eigarinteresser. Kommunestyret vel sjølv eit kontrollutval til å utøve den løpande kontrollen med den kommunale verksemda.

Kommunestyret må sørgje for at kontrollutvalet har dei ressursane som er naudsynte for å gjennomføre pålagde oppgåver, og leggje til rette for god samhandling mellom kommunestyret og kontrollutvalet.

Kontrollutvalet skal sjå til at rekneskapen til kommunen blir revidert på ein forsvarleg måte, og at økonomien blir forvalta i samsvar med gjeldande føresegner og vedtak. Utvalet skal også sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av interessene kommunen har i selskap.

Kontrollutvalet skal rapportere resultatata av arbeidet sitt til kommunestyret.

Vurdering:

Årsmeldinga til kontrollutvalet gir informasjon om kva oppgåver kontrollutvalet har hatt fokus på i 2023 og dermed kva utvalet har gjort for å oppfylle rolla si på vegne av kommunestyret. Kontrollutvalet si rolle er heimla i kommuneloven § 23.

Utkast til årsmelding ligg ved som eige dokument. Årsmeldinga er utvalet si årsmelding og det er nyttig om kontrollutvalet gjev innspel til vedlagte forslag denne i møtet. Årsmeldinga vert sendt over til kommunestyret som ein rapport på kontrollutvalet sitt arbeid i 2023.

Vedlegg

Årsmelding 2023 Giske kontrollutval

ÅRSMELDING 2023 GISKE KONTROLLUTVAL

Kommunen er den viktigaste velferdsprodusenten i samfunnet, og forvaltar monalege ressursar på vegne av innbyggjarane. Omfanget av og breidda i den kommunale tenesteproduksjonen medfører behov for utstrekt styring og kontroll.

Kommunal eigenkontroll er den kontrollen kommunen sjølv gjennomfører i eiga verksemd. Eigenkontroll er eit viktig element i det lokale folkestyret, og skal medverke til at kommunen når dei måla som er sette, innanfor rammene av gjeldande regelverk og tildelte ressursar. Eigenkontrollen skal også medverke til å styrkje tilliten til forvaltninga gjennom førebygging og avdekking av mislege handlingar og andre uheldige tilhøve.

Om kontrollutvalet

Kontrollutvalet er kommunestyret sin reiskap og operative kontrollorgan. Det er kommunestyret som har det overordna kontrollansvaret for den kommunale verksemda.

Giske kontrollutval hadde for perioden 2020-2023 slik samansetning:

- . Dag Oksnes – leiar
- . Asbjørn Furnes – nestleiar
- . Herman Rørvik Blindheim – medlem og kommunestyrerepresentant
- . Sissel Anita Roald – medlem
- . Inger Johanne Sund - medlem

Varamedlemmer:

1. Knut Støbakk
2. Ruth Roald
3. Øyvind Fosse
4. Anne Lise Eriksen
5. Birgit Roald

Om revisjonen

Giske kommunestyre har valt eigenrevisjon som revisjonsordning og Møre og Romsdal revisjon SA som revisor for Giske kommune. Møre og Romsdal Revisjon SA leverer revisjonstenester på bestilling frå kontrollutvalet slik lov og forskrift tilseier.

Revisor skal utføre rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og annan kontroll som er bestemt i lov og forskrift. Av andre oppgåver så skal revisjonen mellom anna gjennomføre forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga, og kontrollere grunnlaget for kommunen sitt krav om momskompensasjon. Revisor utfører også ei rekke andre attestasjonar.

Kommunestyret har ved oppstart av perioden 2019-2023 vedteke ein plan for forvaltningsrevisjon som byggjer på ei risiko og vesentleg vurdering. Forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontroll vert bestilt med bakgrunn i den vedtekne plan

Oppdragsansvarleg revisorar har lagt fram for kontrollutvalet dokumentasjon på sitt sjølvstende, både knytt til rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.

Om sekretariatstenesta

Giske kommunestyre, som medeigar av Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS, har vedteke å nytte dette selskapet som sitt kontrollutvalssekretariat. Etter kommunelova skal kontrollutvalet ha eit sekretariat som er uavhengig av både kommunen sin administrasjon og dei som utfører revisjon for kommunen.

Sekretariatet er den viktigaste hjelparen til kontrollutvalet og den som held kontinuiteten gjennom dei ulike valperiodane. For at kontrollutvalet skal kunne fylle kontrollfunksjonen sin på ein best mogeleg måte, er utvalet avhengig av at både sekretariat og revisjon kan vere ein fagleg ressurs og ein fagleg diskusjonspartner. Sekretariatet skal sikre at saker som vert handsama av kontrollutvalet vert forsvarleg førebudde og utgreidde og at vedtak vert fylgt opp.

Sekretariatet skal ivareta dokumenthandtering for kontrollutvalet som eit offentleg organ, og ha eit arkiv som tilfredsstillar krav i arkivlova med forskrifter. Sekretariatet førebur og effektuerer bestillingar av dei ulike revisjonsoppdraga til revisor og skal ivareta kommunikasjonen med revisor mellom møta.

Kontrollutvalet sin aktivitet i 2023:

Giske kontrollutval har i 2023 (2022) hatt 5 (5) møter

Innkalling med saksdokument vert sendt utvalet seinast ei veke før møtet. Innkalling og møteprotokoll har blitt sendt til medlemmane, ordførar, kommunedirektør og revisjon. Dei same dokumenta vert lagt ut på kontrollutvalssekretariatet si heimeside www.kontrollutval.no/giske og er der tilgjengeleg for alle som eit ope pdf-dokument, med mindre der er saker eller dokument som med heimel i lov er skjerma.

Datoane for kontrollutvalet sine møter har vore tilgjengeleg i kommunen sin ordinære møtekalendar for folkevalde organ og med lenkje direkte inn til sakspapira på sekretariatet si heimeside. Dette gjer kontrollutvalet sitt arbeid endå meir tilgjengeleg og kjent for innbyggjarar, folkevalde og administrasjon.

Giske kontrollutval har i 2023 handsama 28 (27) saker.

Møteprotokollen frå møta vert oversendt som fortløpande rapportering til kommunestyret. Dei sakene der kontrollutvalet etter lov og forskrift skal kome med tilråding til kommunestyret, har vorte oversendt som eiga sak i tillegg til protokollen.

Leiar i kontrollutvalet har ikkje hatt fast sete i kommunestyret i perioden 2019-2023, men har møtt opp når kommunestyret har handsama saker der kontrollutvalet har tilrådingsrett. Herman Rørvik Blindheim var kommunestyret sitt faste medlem i kontrollutvalet, slik kommunelova § 23-1 andre ledd, krev.

Ordførar har møte- og talerett på kontrollutvalet sine møter og har som oftast møtt.

Økonomi og revisjon:

På vegne av kommunestyret kontrollerer utvalet om den økonomiske forvaltninga er i tråd med gjeldande reglar og vedtak, og skal sjå til at rekneskapane vert reviderte på ein forsvarleg måte.

Revisor er til stades i dei fleste møta i kontrollutvalet og slik legg ein til rette for å ta vare på ein god dialog. Utvalet får fortløpande informasjon frå revisjonsarbeidet. Gjennom oppsummering frå interimrevisjon, rapport frå forenkla etterlevingskontroll, informasjon om budsjettavvik, rapport etter årsoppgjersrevisjon og revisor si melding knytt til årsrekneskap og årsmelding.

Kontrollutvalet uttalte seg om kommunen sine rekneskap for 2023. Til grunn for uttalen låg rekneskap, årsmelding og revisjonsmelding frå revisor. Kontrollutvalet tilrådte at rekneskap og årsmelding for kommunen vart godkjent.

Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll:

Med bakgrunn i plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll, bestilte kontrollutvalet i mars 2023 ein forvaltningsrevisjon på offentlege anskaffingar i Giske kommune. Denne skulle i utgangspunktet ver ferdig i oktober 2023, men vart i dialog med sekretariat/kontrollutval og revisor, utsett til januar 2024.

Forvaltningsrevisjonen på ressurs og kvalitet i grunnskulen – spesialundervisning var gjennomført i 2022. Kommunalsjef oppvekst presenterte rapport på oppfølging av tiltaka for kontrollutvalet, først i september 2023. Kontrollutvalet sa seg då nøgd med oppfølginga.

Andre saker:

Kontrollutvalet har på førespurnad fått ulike orienteringar frå kommunedirektøren. Det har vore orientering om dokumenthandtering/publisering og meiroffentlegheit. Kontrollutvalet merka seg etter orienteringa at dette temaet bør vurderast i samband med ny plan for forvaltningsrevisjon. Andre orienteringar har vore om tildelingskriterieie i heimebasert omsorg.

Det er berre kommunestyret som kan pålegge kontrollutvalet å gjere andre kontrollhandlingar enn det som er i lov og forskrift. For alle andre førespurnader må utvalet vurdere og avgjere om dei vil gjere nærare undersøkingar og eventuelt sette i gang ei kontrollhandling. I dei tilfelle der det er opplagt at førespurnaden burde vore retta til andre instansar (som Sivilombodet eller Arbeidstilsynet), gjev sekretariatet rettleiing til avsendar om det.

Når kontrollutvalet mottok ein førespurnad frå innbyggjarar eller via andre kanalar, gjer utvalet ei vurdering av innhaldet og ser på om det er av ein slik art at det bør setjast i gang ei kontrollhandling. Som hjelp i ei slik vurdering kan kontrollutvalet ta i bruk ein trafikklysmoell knytt til sentrale spørsmål.

Fagleg utvikling i kontrollarbeidet:

Arbeidet i kontrollutvalet er i stadig utvikling. Det kjem jamleg nye faglege oppdateringar og sentrale føringar som kontrollutvalet bør tileigne seg kunnskap om. For at kontrollutvalet skal klare å halde følge med utviklinga, krevst det kontinuerleg læring og oppdatering.

Det er primært to organisasjonar som arrangerer faglege samlingar og bidreg til kompetansepåfyll for kontrollutvala og for sekretariatet. Det er Forum for kontroll og tilsyn (FKT) og NKRF - kontroll og revisjon (tidlegare Norges Kommunerevisorforbund). Kontrollutvalet har lagt inn i si budsjettamme for 2023 midlar til abonnement og medlemskap i desse organisasjonane, samt midlar til å delta på

ein årleg fagkonferanse. Det er viktig å møte andre som er opptatt av kontrollarbeid i kommunane, få fagleg påfyll og utveksle erfaringar.

I juni 2023 deltok kontrollutvalsmedlem Inger Johanne Sund på Forum for kontroll og tilsyn (FKT) sin fagkonferanse for kontrollutval, denne gongen i Trondheim. Ho deltok der i ein paneldebatt og delte på ein glimrande måte, sine erfaringar som medlem i Giske kontrollutval.

Hausten 2023 var det kommuneval og nytt kontrollutval vart vald. For perioden 2023-2027 gar Giske kontrollutval har slik samansetning:

- . Kåre Sæter - leiar og kommunestyrerepresentant
- . Anne Lise Roald - nestleiar
- . Gunnar Morsund - medlem
- . Lillian Skarmyr Olsen - medlem
- . Stig Gjethammer – medlem og kommunestyrerepresentant

Varamedlemmer:

1. Otto Stornes
2. Inger Johanne Sund
3. Steinar Holm
4. Knut Støbbakk
5. Hanne Roaldsnes

I forlenginga av KS si folkevaldopplæring for kommunestyret og andre folkevalde hausten 2023, vart Solveig Kvamme frå kontrollutvalssekretariatet invitert for å snakke om roller og ansvar, med fokus på kontrollutvalet som kommunestyret sitt operative verktøy i eigenkontrollen.

Til slutt:

Giske kontrollutval takkar kommunestyret for at dei legg til rette for gode arbeidsvilkår for utvalet. Kontrollutvalet vil gjere sitt beste for å skape eit aktivt og engasjerande kontrollarbeid, stimulere til forbetningsarbeid på systemnivå og medverke til auka openheit og demokratisk innsyn.

Saksframlegg

| | | |
|----------|---------------------|------------|
| Saksnr. | Utval | Møtedato |
| PS 07/24 | Giske kontrollutval | 13.02.2024 |

Møteplan 1. halvår og årshjul 2024 Giske kontrollutval

Sekretariatet si tilråding:

Giske kontrollutval vedtek følgjande møteplan for 2024:

- 11. april
- 23. mai
- 5. september
- 14. november

Møtetidspunkt er kl.13.30 om ikkje anna vert presisert i innkallinga.

I tillegg kjem vert det eit prosessmøtet i mars, knytt til arbeid med risiko- og vesentleganalysa.

Bakgrunn:

Kontrollutvalet, som eit offentleg og folkevalgt organ, skal ha ein møteplan som er gjort kjent på kontrollutvalsekretariatet sine nettsider.

Det å ha ein møteplan sikrar føreseielegheit og gjer at innbyggjarar, media og folkevalde lettare kan følgje arbeidet til kontrollutvalet.

- Kontrollutvalet skal behandle sine saker og treffe vedtak i møte.
- Kontrollutvalet sine møte er opne for alle og saksdokumenta er offentlege
- Dei folkevalde organa gjennomfører møte etter fastsett møteplan

Møteplanen vert kunngjort på kontrollutvalet si heimeside og på kommunen si heimeside med lenkje til kontrollutval.no/giske

Utover møteplanen kan ein gjennomføre møte om:

- Organet sjølv eller kommunestyret vedtar det
- Leiar av organet meiner at det er naudsynt
- Minst ein tredel av medlemmane i organet krev det

Den som er valt medlem i eit folkevald organ, pliktar å delta i organet sine møter, med mindre det føreligg gyldig forfall.

Med gyldig forfall er å forstå sjukdom eller andre hindringar som gjer det umogleg eller uforholdsmessig byrdefullt å møte, som til dømes at ein må forsøme viktige og uopprettelige forretningar eller plikter, slik som møter i andre offentlige organer, eksamen, o.l.

Gyldig forfall kan også gjelde reise som det vil være urimeleg vanskeleg, praktisk eller tidsmessig, å avbryte. Forfall må så snart situasjonen oppstår bli varsla til kontrollutvalsekretariatet slik at varamedlem kan kallast inn

Vurdering:

Det er viktig å sørge for at kontrollutvalet har tilstrekkeleg med møte, slik at kontrollutvalet kan utføre og følge opp dei oppgåver som er naudsynt for å sikre forsvarleg kontroll. Kontrollutvalet har faste oppgåver gjennom året som gjer det naturleg at kontrollutvalet har eit minimum av møte.

Kontrollutvalet bør planleggje sine møter slik at det ikkje går for lang tid frå eit møte til det neste, sakene som kjem opp kan då miste sin aktualitet. Og at der er ein samanheng med datoane for kommunestyremøta, slik at det ikkje er gamalt nytt som vert rapportert frå kontrollutvalet.

Når ein fastlegg datoane for kontrollutvalet sine møter er det viktig å tenkje på:

- samordning av kontrollutvalsmøta med kommunestyremøta spesielt med tanke på saker frå kontrollutvalet til kommunestyret
- tidspunkt for rapportering frå dei ulike handlingane innan rekneskapsrevisjon
- frist for uttale til revisjonsmelding, årsrekneskap og årsmelding
- fristar for handsaming av budsjett for kontrollarbeidet

For Giske kontrollutval har erfaringa vist at det er tenleg med 5 møter, der 3 er i første halvår og 2 i andre halvår. Dei lovpålagte sakene som utvalet skal behandle, er på sett inn i årshjulet som ligg ved. Der er det plassert på det møtet som det ut frå fleire faktorar passar best. Så vil det heilt sikkert kome til andre saker langsmed.

Sekretariatet tilrår følgjande datoar for 2024:

1. møte: dagens møte 30. januar
2. møte: 11. april
3. møte: 23. mai
4. møte: 5. september
5. møte: 14. november

I tillegg kjem prosessmøtet i lag med andre folkevalde og administrasjonen, som ein del av informasjonsinnhentinga knytt til arbeid med risiko- og vesentleganalyser. Tidspunkt for det er ikkje fastsett, men vonleg før påske.

Vedlegg

Årshjul 2024 for arbeid i kontrollutvalet

Årshjul for arbeid i kontrollutvalet 2024

Kontrollutvalet sine oppgaver kan ein dele i tre kategoriar. Det er skal, bør og kan.

I årshjulet er berre **skal**-sakene plassert inn på det møtet som passar best ut frå gjeldande tidsfristar. Det kjem heilt sikkert til både bør- og kan-saker i tillegg.

| Møte | 1. | 2. | 3. | 4. | 5. |
|---|----|----|----|----|----|
| Vedta prosjektplan ROV | x | | | | |
| Prosessmøte ROV | | x | | | |
| Vedta ROV-analyse | | | x | | |
| Vedta plan for FR | | | | x | |
| Vedta plan for EK | | | | | x |
| Vedta rapport frå FR forrige periode | x | | | | |
| Forenkla etterlevingskontroll - rapport | | x | | | |
| Interimrevisjon - rapport | x | | | | |
| Kontrollutvalet si årsmelding | | x | | | |
| Uttale årsrekneskap og årsmeldingar | | | x | | |
| Budsjett kontrollarbeid | | | | x | |
| Rapport revisjonsarbeid 2023 | | | x | | |
| Møteplan | x | | | | |
| Plan for rekneskapsrevisjon 2024 | | | | | x |
| På-sjå ansvar revisjon | x | | | x | |

Saksframlegg

| | | |
|----------|---------------------|------------|
| Saksnr. | Utval | Møtedato |
| PS 08/24 | Giske kontrollutval | 13.02.2024 |

Meldingar

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldingane til vitande.

Underliggende saker

| | |
|-------|---|
| 01/24 | Forventningsavklaring kontrollutval, ordførar og kommunedirektør |
| 02/24 | Invitasjon om Forum for kontroll og tilsyn sin fagkonferanse 2024 |
| 03/24 | Informasjon om generalforsamling i Attvin AS |

Saksframlegg

| | | |
|----------|---------------------|------------|
| Saksnr. | Utval | Møtedato |
| MS 01/24 | Giske kontrollutval | 13.02.2024 |

Forventningsavklaring kontrollutval, ordfører og kommunedirektør Giske kommune

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunn:

Kontrollutvalet sin leiar saman med sekretariatet, hadde eit møte med ordfører og kommunedirektør 11. januar 2024.

Tema for møtet var forventningsavklaring mellom kontrollutval, ordfører og kommunedirektør.

Oppsummering frå dette møtet ligg ved, til orientering for kontrollutvalet.

Vedlegg

Notat frå møtet om forventningsavklaring, Giske

Notat frå møte 11. januar 2024 Giske rådhus

Til stades: Ordfører Kenneth Langvatn, kommunedirektør Karl Andre Birkhol, kontrollutvalsleiar Kåre Sæther og frå sekretariatet Solveig Kvamme

Tema for møtet var å få ein samtale for å avklare kva forventningar ein har til kvarandre - ordfører, kommunedirektør, kontrollutvalsleiar og sekretariat,

Ordfører og kontrollutvalet

Ordfører har møte- og talerett i kontrollutvalet jf. kommunelova § 6-1 tredje ledd

Ordfører vil gjerne vere til stades på ein del av kontrollutvalsmøta når han har høve, gjerne første del av møtet. Då ligg det til rette for at ein kan utveksle informasjon om aktuelle saker og saksfelt, når det er ynskjeleg.

Ein slik dialog mellom ordfører og utval kan vere med på å gje utvalet betre bakgrunn for å prioritere kva område dei vil arbeide meir med. Og det kan gje politisk leiing betre innsikt i det løpande arbeidet til kontrollutvalet.

Handsaming av saker frå kontrollutvalet i kommunestyret

Det er naturleg at kontrollutvalsleiar som fast medlem i kommunestyret legg fram saker frå kontrollutvalet og avtaler gjerne dette med ordfører i forkant av møtet. Leiar kan be andre i utvalet om å legge fram saka om leiar har forfall.

Desse faste sakene er:

- Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskap og årsmelding samt revisjonsmelding. Denne uttalen skal uendra ligge ved saksutgreiinga både til formannskapet og kommunestyret.
- Det same gjeld kontrollutvalet sitt forslag til budsjetttramme for kontrollarbeidet, den skal uendra ligge ved saka til både formannskapet og kommunestyre.
- For andre saker som t.d. forvaltningsrevisjon og andre rapportar skal desse gå direkte til kommunestyret med kontrollutvalet si saksframlegg og tilråding. Desse sakene skal heller ikkje handsamast i andre folkevalde organ før kommunestyret.

Ei innleiing der saka vert lagt fram kan gje nyttig og god informasjon til kommunestyret, og er med på å synleggjere kontrollutvalet si rolle. Kommunestyret kan då gje tilbakemelding direkte til kontrollutvalet, eller be om utfyllande informasjon.

Så langt det er mogeleg vert saker frå kontrollutvalet sett opp tidleg på saklista i kommunestyret. Dette gjeld spesielt der det er rapportar som skal leggest fram og når revisor er pliktig til å vere til stades (forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll/årsrekneskap)

Protokoll frå kontrollutvalet sine møter vert sendt over til kommunestyret fortløpande og lagt fram som referatsak.

Kommunedirektør og kontrollutvalet

Kommunedirektør har ikkje møte og talerett i kontrollutvalet jf. kommunelova § 13-1 femte ledd.

Utvalet inviterer ofte kommunedirektøren til møta for å gje ei orientering knytt til ei konkret sak. Kommunedirektøren er svært positiv til å møte og vil gjerne bli invitert.

I konkrete oppfølgings saker t.d. etter forvaltningsrevisjon, er det ønskeleg med skriftleg tilbakemelding frå kommunedirektøren, i tillegg til munnleg informasjon i møtet. (For å unngå ekstra arbeid, kan dette vere i form av den presentasjonen eller liknande som kommunedirektøren nyttar i møtet).

I nokre saker kan det vere nyttig om kommunedirektør møter saman med andre tilsette. Dette kan gje utvalet høve til meir detaljert informasjon i saka. Kontrollutvalet vender seg til kommunedirektøren og ikkje den enkelte tilsette, men kan kome med ynskje om at aktuelle fagpersonar møter knytt til konkrete saker. Elles er det opp til kommunedirektøren kven som møter når kommunedirektøren vert beden om å informere.

Saker der kommunedirektøren er invitert for å informerer/orientere, vert så langt det er mogeleg sett opp tidleg på sakslista til kontrollutvalet.

Informasjonsinnhenting knytt til risiko- og vesentlegvurdering (ROV)

Grunnlaget for utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll er ei risiko- og vesentleganalyse. Desse planane skal vere vedtatt av kommunestyret innan utgangen av første år i perioden, altså innan 31.12.2024.

Utvalet har eit ynskje om å involvere både politisk leiing og administrativ leiing i eit prosessmøte, for å få fram risikoar innan alle tenesteområde. Informasjonen som kjem fram i møtet vert sett saman med andre informasjonskjelder og lagt til grunn for den analysa av risiko- og vesentlegheit som er bestilt frå forvaltningsrevisor.

Både ordførar og kommunedirektør var positiv til eit slikt prosessmøte tidleg på våren. Sekretariatet finn ein eigna dato for dette møtet i lag med kommunedirektøren. Ei tidsramme for møtet er inntil tre timar.

Notatet er ført i pennen av Solveig frå kontrollutvalskretariatet

Saksframlegg

| | | |
|----------|---------------------|------------|
| Saknr. | Utval | Møtedato |
| MS 02/24 | Giske kontrollutval | 13.02.2024 |

Invitasjon om Forum for kontroll og tilsyn sin fagkonferanse 2024

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunn:

Vedlagt er Forum for kontroll og tilsyn sin invitasjon til fagkonferanse for kontrollutval, på Gardermoen juni 2024.

Det er tatt høgde for i budsjetttramma til kontrollutvalet, at kontrollutvalet sine medlemmer kan delta på ein konferanse i 2024. Dette i tillegg til den lokale opplæringsdagen på Vestnes i januar.

Om de ynskjer å delta, så står de for påmelding sjøve, faktura sendes kommunen merkast kontrollutval funksjon 110.

Reise bestiller de etter gjeldande ruitner for folkevalde i kommunen og sender reiserekning som vanleg. Merk ogdå den med kontrollutval funksjon 110.

Eit av kontrollutvalet sine medlemmer har stemmerett på årsmøtet for Forum for kontorll og tilsyn.

Vedlegg

Invitasjon til Forum for kontroll og tilsyn sin fagkonferanse 4.- 5.06.2024

Fra: [Forum for Kontroll og Tilsyn](#)
Til: [Forum for Kontroll og Tilsyn](#)
Emne: Invitasjon til FKTS fagkonferanse 4. – 5. juni 2024
Dato: tirsdag 9. januar 2024 14:40:14

Til kontrollutvalgsmedlemmer og andre interesserte

Velkommen til **FKTS fagkonferanse 2024** som arrangeres på Quality Airport Hotel, Gardermoen 4.– 5. juni.

Nå har du sjansen til faglig oppdatering og nettverksbygging

Målgruppen er ledere og medlemmer av kontrollutvalg, kontrollutvalgssekretærer, ordførere, kommunedirektører og ellers alle med interesse for kontrollarbeid i kommunal sektor.

Program:

Kontrollutvalget – roller og samspill

Mange er ferske i kontrollutvalget og de trenger kunnskap om utvalgets rolle og hvordan utvalget skal opptre i samspill med andre aktører som har ansvar for kontroll i kommunene. Vi inviterer representanter fra både kontrollutvalg og revisjon, ordfører og kommunedirektør til samtale og refleksjon rundt tema «Kontrollutvalget – roller og samspill».

Habilitet og tillit

Høsten 2023 har nyhetsbildet vært preget av ulike habilitetssaker og spørsmål om innsideinformasjon. Hvordan påvirkes tilliten til politikerne av dette? Er det grunn til å se nærmere på tilsvarende problemstillinger i lokalpolitikken?

Henvendelser og varsling

Kontrollutvalget kan erfare å ta imot henvendelser om mer eller mindre konkrete kritikkverdige forhold. Hvordan skal kontrollutvalget håndtere slike henvendelser? Og hva med varsling – har kontrollutvalget noe med det å gjøre?

Økonomisk bærekraft

Har kommunen din en bærekraftig økonomi? Hvordan kan kontrollutvalget finne ut det? Har kontrollutvalget et ansvar her?

eierskapskontroll.

Vel møtt!

Deltakeravgift: Medlemmer kr. 7 900, andre kr. 8 400

Påmeldingsfrist: 29. april

Årsmøte i Forum for kontroll og tilsyn avholdes 4. juni. Nærmere informasjon om årsmøtet finner du [her](#)

[Medlemsoversikt](#)

[Til påmelding](#)

Saksframlegg

| | | |
|----------|---------------------|------------|
| Saksnr. | Utval | Møtedato |
| MS 03/24 | Giske kontrollutval | 13.02.2024 |

Informasjon om generalforsamling i Attvin AS

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Bakgrunn:

Kontrollutvalet får innkallinga og sakspapira til ei generalforsamling i Attvin AS, som allereie er gjennomført 11. desember 2023.

Kontrollutvalet får det som informasjon fordi kontrollutvalet skal vere kjent med eigarmøter i selskap kommunen har eigarinteresser i.

Vedlegg

Innkalling til generalforsamling 11.12.2023 Attvin AS

Bjørn Inge Olsen
Eva Vinje Aurdal
Einar Arve Nordang
Harry Valderhaug
Olav Harald Ulstein
Terese Jemtegård Moen
Turid Kristin Sand Humlen

Innkalling til generalforsamling i Attvin AS

Mandag 11. desember kl. 1300 i Alvikvegen 194 (Bingsa) i Ålesund.

Saker til behandling:

- 1 Opning og registrering av frammøtte aksjonærer
- 2 Val av møteleiar og to personar for å underteikne protokollen
- 3 Godkjenning av møteinnkalling og dagsorden
- 4 Budsjett for 2023

Med helsing

Liv Stette
Styreleiar, Attvin AS

Kopi:

Styret i Attvin AS

Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS

Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal

Møre og Romsdal Revisjon SA

Ålesund kommune

Giske kommune

Fjord kommune

Stranda kommune

Sykkylven kommune

Vestnes kommune

Sula kommune

Randi Bergundhaugen

Håkon Lykkebø Strand

Vebjørn Krogsæter